

N-4 Vér og vind

VN4 innsjø, elv/bekk, kyst

Kartleggje vêr- og vindtilhøva ved det undersøkte området. Forstå korleis vêr- og vindtilhøva påverkar det biologiske mangfaldet i området, døfte korleis vêr- og vindtilhøva påverkar bruken av området. Les veiledingen

Forslag til andre aktiviteter i nettverket

Naturopplevelingar året rundt (VN1)

Vassføring, straum og erosjon (VN7)

Er vatnet vårt surt? (VN23)

VEILEDNING

VN4 innsjø, elv/bekk, kyst

Føremål

- Kartleggje vêr- og vindtilhøva ved det undersøkte området
- Forstå korleis vêr- og vindtilhøva påverkar det biologiske mangfaldet i området
- Drøfte korleis vêr- og vindtilhøva påverkar bruken av området

Samarbeidspartar

Den lokale vêrstasjonen

Utstyr

Nedbørsmålar, termometer, vimpel eller vêrhane, vindmålar, barometer

Gjennomføring

Kor utsett er området for vêr og vind?

Prøv å seie om området er lite, moderat eller svært utsett (eksponert) for vêr og vind. Dette har mykje å seie for plante- og dyrelivet i området og for korleis vi bruker området. Vanlegvis er det slik at artsmangfaldet er størst i område som er relativt verna mot vêr og vind, ettersom mange plante- og dyrearter blir skylde vekk av bølgjene i vindutsette område. Ein kan også rekne med at lite vindutsette område er mest nytta til friluftsliv og hamner.

Vindstyrke og vindretning

Opplysningar om vindstyrke og vindretning på undersøkingsdagen kan ein få ved

den lokale vêrstasjonen. Vindstyrke kan ein også måle direkte med ein enkel vindmålar (ei lett kule som rører seg på grunn av vindtrykket oppover i eit rør med måleskala). Vindretninga måler ein til dømes ved å halde opp ein vimpel eller vêrhane på nokre utvalde målepunkt.

Lufttemperatur og lufttrykk

Lufttemperaturen blir målt med termometer i skuggen. Måling av vasstemperatur er omtala i aktiviteten «Observere variasjonar i temperatur og istilhøve». Lufttrykket kan målast med barometer. Eit enkelt flaskebarometer kan ein lage ved å spenne ei gummihinne over halsen på ei flaske (til dømes ein bit av ein ballong) og klistre fast eit halmstrå eller eit sugerør av plast på gummihinna. Den frie enden av strået rører seg opp og ned med lufttrykket. Høgtrykk gjer at den frie enden på strået peikar oppover, medan lågtrykk gjer at han peikar nedover.

Nedbør

Nedbørsmengd kan målast med ein nedbørsmålar med måleskala og stativ. Nedbørsmålaren kan kjøpast frå eit læremiddelfirma eller lagast av ein målesylinder som blir festa til ein stokk. Stikk stokken godt ned i bakken i ope lende i det området som blir undersøkt. Set ut nedbørsmålaren dagen før feltarbeidet skal gjerast. Ver nøy med å notere tidspunkt for utsetjing og avlesing av nedbørsmålaren. La han ikkje stå ute i meir enn eitt døgn (for å unngå fordamping). Målinga bør gjerast samstundes med resten av feltarbeidet, slik at nedbøren som blir registrert, gjeld for det siste døgnet før feltarbeidet. Der som nedbøren er snø, ta nedbørsmålaren med inn og smelt snøen før avlesing.

Skydekke og sikt

Skydekke gjev ein opp ved å dele himmelkvelvingen inn i åttedelar og vurdere skydekkingsgraden. Sikt gjev ein opp som i vêrvarslinga, der god sikt tyder meir enn 10 km sikt, moderat sikt mellom 4 og 10 km, medan därleg sikt er mindre enn 4 km. For å kunne vurdere sikta må ein altså ha over 10 km fri sikt ved målestasjonen i området.